



# Statens medieforvaltning årsmelding 2002



9  
301.2  
STATENS  
MEDIE-  
FORVALTNING  
2002



# innhald

|                                                           |    |
|-----------------------------------------------------------|----|
| Forord .....                                              | 3  |
| Oppgaver .....                                            | 4  |
| Administrasjon .....                                      | 5  |
| – Rekneskap .....                                         | 6  |
| Kringkasting .....                                        | 8  |
| – Regelverk .....                                         | 8  |
| – Lokalradio .....                                        | 8  |
| – Lokalfjernsyn .....                                     | 12 |
| – Økonomien i lokalkringkastinga .....                    | 13 |
| – Satellittkringkasting .....                             | 16 |
| – Digital kringkasting .....                              | 16 |
| – Vidareformidling av kringkasting i kabelnett .....      | 17 |
| – Vidaresending av kringkasting via privat omformar ..... | 17 |
| – Tilsyn med regelverket om reklame og sponsing .....     | 18 |
| – Tilsyn med innhald .....                                | 19 |
| – Europeisk programmateriale .....                        | 20 |
| – Klager på avgjerder frå NRK, lisensavdelinga .....      | 21 |
| – Tilskotsordninga for lokalkringkasting .....            | 21 |
| – Fagutvalsprisen .....                                   | 23 |
| – Internasjonalt samarbeid .....                          | 23 |
| Presse .....                                              | 24 |
| – Regelverket for pressestøtta .....                      | 24 |
| – Produksjonstilskot til dagsaviser .....                 | 25 |
| – Økonomien i dagspressa .....                            | 26 |
| – Norsk opplagskontroll as .....                          | 29 |
| Råd og utval .....                                        | 30 |
| Vedlegg                                                   |    |
| 1. Styre, råd og utval .....                              | 32 |
| 2. Konsesjonærliste – lokalfjernsyn .....                 | 34 |
| 3. Konsesjonærliste – lokalradio .....                    | 35 |
| 4. Produksjonstilskot til dagsaviser .....                | 41 |

## forord



Da komiteen behandla stortingsmeldinga om mediepolitikken i fjor vår, sa han mellom anna at «medieområdet er inne i en sterk utvikling karakterisert ved internasjonalisering, teknologisk utvikling, store strukturelle endringer og sterkt økonomisk engasjement.»

Komiteen understreka både at mediepolitikken måtte vere tilpassingsdyktig, og at somme val kom til å ha preg av å vere overgangsløysingar.

Kvar og ein som følgjer med på det som skjer på medieområdet, er nok samd i dette. Det første vi legg merke til, er kravet til tempo og omstillingsevne. Det er konvergens, det er nye tekniske moglegheiter, det er digitalisering, det er nettet – og aviser blir trykte i Spania. Både lovgjevar og forvaltar, aktør, marknad og tilsyn får nye oppgåver, nytt ansvar og nye moglegheiter. Det skal bli spennande for oss alle.

Men så er det mykje vi kjenner att i malstraumen. Til dømes er vi framleis eit lesande folk – ikkje minst avislesande. Fleire aviser kjem ut og blir konsumerte her heime enn dei fleste andre stader. Men dei er vorte meir bundne til kapital og alminneleg næringsverksemd, mindre til parti og ideologiar. Store mediehus engasjerer seg i fleire medium, men vi har samstundes ein nær avisflora over heile landet.

I ei økonomisk vanskeleg tid for den delen av pressa som har krav på støtte, vart produksjonsstøtta auka med vel 50 millionar kroner i 2002. Dette skulle hovudsakleg kompensere for at ordninga med statlege stillingsannonsar fall bort. Støtta til nr. 2-avisene auka med 40 millionar kroner på grunn av dette. Samtidig auka pressestøtta monaleg til dei små avisene med mellom 1 000 og 4 000 i opplag.

Dette gjorde at nr. 2-avisene som gruppe for første gong på lenge hadde positivt resultat etter støtte, og at dei minste avisene vart styrkte økonomisk.

Det skjer også mykje spennande i kringkastinga på regional- og lokalplan. Eitt døme er at det vart tildelt ein ny konsesjon for allment bakkesendt lokalfjernsyn i Oslo. Vi er fleire som ser med spenning fram til kva utslag det får for mediesituasjonen og for hovudstaden. Elles er lokal-kringkastinga prega av mangfald, samstundes som frekvensressursane er knappe. Dette fører naturlegvis også til at ein gjer ein innsats for å dele desse ressursane så fornuftig og rettferdig som mogleg. Økonomien i lokal-kringkastinga sett under eitt er framleis prega av underskot, men det er likevel gledeleg å sjå at fleire aktørar kan vise fram hyggelege resultat.

Vi har dei siste par åra sett at det har utvikla seg fleire kje-der av lokalradioar der hovudinnhaldet er musikk retta mot yngre lyttarar. Likevel er det framleis mange lokalradioar som, gjerne med frivillig innsats, held fast på lokalt forankra stoff i sendingane. Tida vil vise korleis mangfaldet får utvikle seg her. Det er uansett viktig å halde debatten om lokal vinkling i lokalmedia levande.

I ei tid med store forandringar på medieområdet, slik stortingskomiteen skildra, må vi møte mange utfordringar. Ikkje minst må vi auke oversikta over og kunnskapen om det som skjer, og kvifor det skjer. Verkemidla og den politiske debatten er avhengig av det. Og her spelar forvaltning, tilsyn og kunnskapsproduksjon ei sentral rolle. Det er kanskje den viktigaste utfordringa for ei verksemd som vår.

Tom Thoresen



# årsmelding 2002

## OPPGÅVER

Dei sentrale oppgåvene for Statens medieforvaltning er å:

- tildele konsesjon til å etablere og drive kringkasting og lokalkringkasting
- tildele konsesjon til å etablere og drive digital kringkasting og satellittkringkasting
- føre tilsyn med at lokalkringkastingsverksemda blir driven slik det er føresett
- føre tilsyn med at det ikkje oppstår eigarkonsentrasjonar som strir mot regelverket, jamfør kapittel 7 i forskrift om kringkasting
- føre tilsyn med og sjå til at kringkastingsselskapa held seg innanfor regelverket om reklame og sponning
- føre tilsyn med forbod og tidsreglar for programtilbod som kan vere til skade for barn og unge, og med straffbart innhald i program som blir formidla vidare i kabel
- føre tilsyn med EØS-kravet om europeisk programdel med meir
- vere klageinstans for NRK, Lisensavdelinga for klager på kringkastingslisensen
- administrere pressestøtta i tråd med det regelverket som gjeld
- forvalte ordninga om tilskot til lokalkringkastingsføremål
- forvalte forskingsmidlar knytte til presse, film og kringkasting
- utføre sekretariatsoppgåver for Allmennkringkastingsrådet
- stille sekretær til rådvelde for Stiftelsen Klar Tale
- gje råd og greie ut spørsmål på medieområdet for Kultur- og kyrkjedepartementet

# administrasjon

Ved utgangen av 2002 sysselsette verksemda 15 personar. Tom Thoresen tok til som ny direktør for verksemda hausten 2002.

Direktøren leier verksemda, som er organisert i to fagavdelingar: Presse- og administrasjonsavdelinga og Kringkastingsavdelinga.

Presse- og administrasjonsavdelinga behandlar søknader om pressestøtte og søknader om midlar til bruksretta medieforsking. I tillegg har avdelinga ansvaret for dei administrative funksjonane i verksemda.

Kringkastingsavdelinga behandlar mellom anna søknader om konsesjon til lokalkringkasting, digital radiokringkasting og vidaresending av kringkasting. Avdelinga fører tilsyn med reglane om reklame og sponring og med innhald som kan vere skadeleg for barn, etter regelverket om kringkasting. Avdelinga har også ansvar for å behandle og tildele tilskot til lokalkringkastingsføremål.

Statens medieforvaltning ytte i 2002 sekretærbistand til Allmennkringkastingsrådet og Stiftelsen Klar Tale. Verksemda var i tillegg sekretariat for:

- Rådet for bruksretta medieforsking
- Støtteutvalet for dagsaviser
- Støtteutvalet for innvandrapublikasjonar
- Fagutvalet for tilskot til lokalkringkastingsføremål

Statens medieforvaltning legg vekt på nær og god kontakt med organisasjonar på medieområdet og andre som arbeider med mediespørsmål. Verksemda har derfor også i 2002 vore til stades på mellom anna årsmøta i bransjeorganisasjonane og på ulike fagkonferansar på medieområdet, både heime og i utlandet.

Som eit ledd i å betre tenestetilbodet overfor brukarane våre, byrja verksemda å arbeide med å etablere nye informasjonssider på Internett i 2002. Vi lanserte den nye nettstaden vår i månadsskiftet januar–februar 2003. Sjå [www.smf.no](http://www.smf.no).

## REKNESKAP

### Drift

Statens medieforvaltning fekk 10,76 millionar kroner over statsbudsjettet i 2002 til å dekkje løns- og driftsutgifter. I tillegg utgjorde driftsløyvinga til Allmennkringkastingsrådet 600 000 kroner i 2002. Driftsrekneskapen for 2002 viser følgjande tal:

| Post                  | Rekneskap  | Løyving    |
|-----------------------|------------|------------|
| Løn og godtgjeringar  | 6 230 185  |            |
| Varer og tenester     | 5 124 974  |            |
| <hr/>                 |            |            |
| Totale driftsutgifter | 11 355 159 | 11 366 000 |

Midlane til drift av Allmennkringkastingsrådet er med i rekneskapen.

### Tilskotsordningar


| Post                      | Rekneskap   | Løyving     |
|---------------------------|-------------|-------------|
| Pressestøtte              | 295 163 231 | 295 549 000 |
| Lokalkringkastingsføremål | 12 244 123  | 15 973 398  |
| <hr/>                     |             |             |
| Totale tilskotsmidlar     | 307 407 354 | 311 522 398 |

Om lag 3,5 millionar kroner av løyvinga til lokalkringkastingsføremål gjaldt løyvde midlar til Audiovisuelt produksjonsfond, som tidlegare forvalta tilskotsordninga. Restmidlane i tilskotsordninga kan overførast til budsjettåret 2003.

For nærare opplysningar om dei ulike støtteordningane våre viser vi til eigen omtale i årsmeldinga.

## ORGANISASJONSKART PER 31.12.2002

### STATENS MEDIEFORVALTNING



# kringkasting

## REGELVERK

Ansvar og oppgaver er knytte til følgjande lover og forskrifter:

- Lov om kringkasting av 4. desember 1992
- Forskrift om kringkasting, fastsett ved kongeleg resolusjon 28. februar 1997
- Forskrift om konsesjonsområder for lokalfjernsyn, fastsett ved kongeleg resolusjon 25. august 1995
- Forskrift om lokalfjernsyn på NRK2s bakkesendere, fastsett ved kongeleg resolusjon 22. november 1996
- Forskrift om konsesjonsområder for lokalradio, fastsett av Statens medieforvaltning 10. oktober 2000
- Forskrift for tilskudd til lokalkringkastingsformål, fastsett av Kulturdepartementet 7. september 2001
- Forskrift om fjernsynsmottakere, fastsett av Norsk rikskringkasting 23. oktober 1980
- Retningslinjer for samsendinger i lokalradio, fastsett av Statens medieforvaltning 2. september 1998


## LOKALRADIO

### Konsesjonar

Talet på lokalradiokonsesjonar ved utgangen av 2002 var 274, mot 259 året før. Auken heng saman med at konsesjonar for perioden vi er inne i, og som var tildelt i 2001, tok til å gjelde frå og med 1. januar 2002. Somme av konsesjonane var ikkje tekne i bruk da den noverande konsesjonsperioden tok til. I ni konsesjonsområde er det ikkje tildelt lokalradiokonsesjon ved utgangen av året.

Gjennom året har 15 konsesjonar falle bort. Årsaka er delvis fusjonar med andre radio-stasjonar og delvis andre grunnar.

Med få unntak var konsesjonstildelinga avslutta sommaren 2001. Etter klagebehandling hausten 2001 tildelte Kultur- og kyrkjedepartementet konsesjon til 13 søkjarar tidleg i 2002. Tildelinga førte med seg at nye konsesjonshavarar måtte plasserast på sendarnett og forhandle om sendetid etter at konsesjonsperioden hadde teke til. Medieforvaltninga har som følgje av dette behandla tre omfattande saker om sendarnettplassering i Bergen, Oslo og Trondheim, samt ti sendetidstvistar i 2002. I to sendetidssaker har konsesjonshavarane funne løysingar lokalt. Avgjerdene i sendetidstvistane er ofte klaga inn til Kultur- og kyrkjedepartementet, og oppstart av sendingar er tilsvarende forseinka. Ved utgangen av året var framleis ikkje alle sendetvistar endeleg avslutta.



### Konsesjonsområde

Landet er delt inn i 147 konsesjonsområde for lokalradio. Områda er fastsette i forskrift, sist endra 7. oktober 2002. Først omfatta konsesjonsområda ofte berre ein kommune. Etter kvart har det utvikla seg til at konsesjonsområda er vortne større, og det vanlege no er at konsesjonsområda omfattar fleire kommunar som høyrer saman kulturelt og handelsmessig. Konsesjon i enkeltkommunar er mest utbreidd i Nordland fylke i tillegg til i dei største byane.

Normalt blir ikkje inndelinga endra i konsesjonsperioden, men Statens medieforvaltning har etter ønske frå konsesjonshavarar likevel godteke visse endringar. Når Statens medieforvaltning fastset konsesjonsområde, blir mellom anna konsesjonshavarane, Post- og teletilsynet og Norsk Lokalradioforbund rådført.

I 2002 vedtok Statens medieforvaltning å slå saman Leksvik og Trondheim etter ønske frå konsesjonshavarane. Nokre andre justeringsframlegg skal behandlast samla.

### **Sendarnett**

Etter ein nasjonal frekvensplan er det sett av frekvensar til sendarnett i kvart av konsesjonsområda. Kvart sendarnett kan ha frå ein til over ti frekvensar for å gje ei rimeleg god dekning i konsesjonsområdet.

Somme konsesjonsområde for lokalradio har fleire enn eitt sendarnett. Dette gjeld dei største byområda og nokre få av områda elles, til saman ti område. Konsesjonshavarane i området har konsesjonane kvar for seg eller i samarbeid. Den som får konsesjon for sendarnett i eitt område, pliktar å stille det til disposisjon for konsesjonshavarar for lokalradio i det same området.

Statens medieforvaltning tildeler konsesjon for å opprette og drive lokalradionett, og konsesjonen føreset mellom anna teknisk godkjenning av nettet og løyve til frekvensbruk frå Post- og teletilsynet.

Ved utgangen av 2002 er det gjeve 122 konsesjonar til sendarnett.

### **Lokalradiokjeder**

Eit dominerande utviklingstrekk dei siste åra er kjeder av lokalradioar med felles varemerke, musikkformat og identitet retta mot yngre målgrupper. Det gjeld for det første selskap eller heileigde dotterselskap som har fått konsesjon i fleire område. Det er også radiokjeder som er danna etter at lokale selskap har fått konsesjon. Radio 1 Norge, NRJ Norge, Power Hit Radio og JærRadioGruppen står fram som dei største kjedene.

### **Samsendingar**

Samsendingar er samtidig kringkasting av felles lokalprodusert programmateriale. Radiostasjonar i inntil tre naboområde kan samsende i inntil 25 prosent av den daglege sendetida til kvar stasjon. Når det gjeld små radiostasjonar med knappe ressursar, kan Statens medieforvaltning etter søknad gje høve til å samsende meir enn 25 prosent av sendetida.

49 lokalradioar fortel at dei nytta høvet til å samsende innanfor denne ramma i 2002. Statens medieforvaltning har gjeve eitt løyve til samsending utover normalgrensa på 25 prosent i 2002.

### **Vidaresending i lokalradio**

Lokalradioar har også høve til å vidaresende eksternt programstoff med inntil 25 prosent av eiga dagleg sendetid. Det er særleg nyhendesendingar og programinnhald med musikk som er aktuelt for vidaresending.

123 lokalradioar har nytta høvet til vidaresending i 2002.

### **Sendingar for etniske og språklege minoritetar**

I 2002 er det registrert 31 konsesjonar for lokalradioar som rettar seg mot etniske og språklege minoritetar. Dei fleste av desse radioane held til i Oslo.

Det er i 2002 sendt om lag 9 400 timar på til saman 21 forskjellige språk. Engelsk, spansk, tamilsk og urdu er mest representerte, men det er også sendingar på mellom andre vietnamesisk, filippinsk, persisk, kurdisk og bengali. Fire stasjonar sender på samisk, og programma er spesielt retta mot den samiske befolkninga.

### **Korttidskonsesjonar til lokalradio**

Statens medieforvaltning kan gje konsesjon til tidsavgrensa lokalradioverksemd knytt til spesielle lokale arrangement og liknande som ikkje blir dekte av dei vanlege radio-stasjonane. Søknadene gjeld stort sett sendingar frå årlege lokale hendingar og arrangement med kulturelt eller religiøst tilsnitt. Ein føresetnad for korttidskonsesjon er at det finst tilgjengelege frekvensar.

Det er gjeve tolv konsesjonar til tidsavgrensa lokalradioverksemd i 2002, mens éin søknad er avslått.

## LOKALFJERNSYN

### Allment bakkesendt lokalfjernsyn

Det er til saman 29 konsesjonsområde for allment bakkesendt lokalfjernsyn. I motsetning til lokalradio har konsesjonshavarane einerett til bakkesendt allment lokalfjernsyn i områda sine.

Ny konsesjonsperiode for allment bakkesendt lokalfjernsyn gjeld i sju år frå 1. januar 2003. Konsesjonstildelinga vart slutført i 2002.

Det var til saman tildelt 25 konsesjonar. Eksisterande konsesjonshavarar fekk 24 av konsesjonane. To konsesjonshavarar har fått konsesjon for to naboområde. I fire konsesjonsområde (Sogn, Fjordane, Vest-Telemark og Svalbard) er det ikkje søkt om konsesjonar.

Konsesjonshavaren i Oslo la ned verksemda våren 2002, og konsesjonen vart lyst ut på nytt. Det var fem søkjarar. TVNorge fekk konsesjonen. Det kom éi klage på vedtaket, men ho vart seinare trekt.

### Samarbeid og vidaresending

Etter § 6–7 i kringkastingsforskrifta har dei lokale allmennfjernsynsstasjonane høve til å sende vidare fjernsynsprogram frå ein satellittkanal. Føresetnaden er at Statens medieforvaltning skal godkjenne ein skriftleg avtale. Avtalen skal innehalde særskilde reglar om redaktøransvar, programutveksling, kompetanseutvikling m.m.

I 2002 har alle allmenne lokalfjernsynsselskap, sett bort frå konsesjonshavarane i Follo og i Vest-Telemark, hatt samarbeidsavtale med TVNorge om vidaresending, nyhende-samarbeid osb.

For konsesjonsperioden som gjeld frå 2003, har Statens medieforvaltning godkjent avtale om samarbeid og vidaresending av TVNorge for 16 konsesjonshavarar. Dei som har valt å stå utanfor samarbeidet med TVNorge, er: TV Vestfold, TV Drammen, Asker og Bærum Lokal-TV, TV Follo, TV Nordvest og TV Finnmark.

### Lokalfjernsyn i kabelnett

Statens medieforvaltning kan gje konsesjon til å drive lokalfjernsyn i avgrensa, lokale kabelnett. Ein føresetnad for å få konsesjon er at kabeleigaren har gjeve tilsegn om sendeplass i kabelnettet. Det er særleg foreiningar og lokale lag, mellom anna burettslag, som nyttar ordninga. Ved årsskiftet 2002–2003 var det registrert 13 konsesjonærar.

Statens medieforvaltning fekk fire søknader om konsesjon for lokalsending i kabelnett i 2002. Alle vart godkjende. Éin konsesjon vart sletta.

### **Lokalfjernsyn på NRK2s bakkesendarar**

Ordninga med lokalfjernsyn på NRK2s bakkenett gjer det mogleg for livssynsorganisasjonar og ideelle organisasjonar å sende fjernsyn når NRK sjølv ikkje bruker sendarane. Sendingane skal ikkje innehalde reklame. Ordninga tok til i 1996 og gjeld for tre år om gongen. Den andre konsesjonsperioden gjekk ut ordinært ved årsskiftet 2002–2003, men vart forlengd fram til 31. mars 2003. Ordninga er kunngjort for ein ny periode fram til 31.12.2005. Dette kan bli den siste perioden ettersom NRK planlegg å gå over til digitale bakkesendingar.

Til saman er det registrert 17 konsesjonar per 31.12.2002. Ti av konsesjonane var i aktiv drift ved utgangen av året. Ordninga er mest populær i Oslo, der åtte av konsesjonshavarane har sendingar. Statens medieforvaltning har inntrykk av at ordninga fungerer tilfredsstillande. Éin konsesjon vart sletta i 2002.

### **Eigarskap i lokalkringkasting**

Dersom meir enn ein tredel av eigardelane i eit selskap med konsesjon for lokalradio eller lokalfjernsyn skal overførast, må Statens medieforvaltning godkjenne overføringa.

I 2002 behandla Statens medieforvaltning 23 saker om å godkjenne større eigarendingar. Av desse vart 22 godkjende og éi avslått. Avslaget vart klaga inn til departementet, som omgjorde vedtaket.

## **ØKONOMIEN I LOKALKRINGKASTINGA**


### **Lokalradio**

Nøkkeltal i årsmeldingane frå konsesjonærane viser at bransjen framleis samla sett går med underskot. Av 274 lokalradiostasjonar har 236 levert årsmelding. Vi har likevel fått økonomiske nøkkeltal frå alle dei største stasjonane.

Omsetninga i bransjen steig frå 246 millionar kroner i 2001 til 251 millionar kroner i 2002. Det svarer til ein auke på 2 prosent. I same perioden har kostnadene stige frå 274 millionar kroner til 280 millionar kroner. Det svarer til ein auke på 2 prosent.


Det samla driftsunderskotet for bransjen i 2002 er på 29 millionar kroner. Dette er på nivå med fjoråret. Dei siste åra har bransjen tapt til saman 56 millionar kroner.

Inntektene og kostnadene fordelte seg slik i 2002:



Fordelinga av inntektene har ikkje endra seg frå året før, og det er framleis reklameinntekter som er den dominerande inntektskjelda. Inntekter frå bingooverksemd utgjør 22 prosent – det same som året før. Også kostnadsbiletet er omtrent det same som i 2001. Lønskostnadene utgjorde 37 prosent.

Resultata i bransjen varierer mykje. Av dei 236 stasjonane som vi har tal frå, har 128 positive resultat (54 prosent) og 108 negative resultat (46 prosent). Resultata varierer frå overskot på over en million kroner til underskot på ti millionar kroner. Dei største negative resultat kjem frå kommersielle stasjonar i dei største byane. Nokre av desse er dessutan nyetablerte og har utgiftsført monalege etableringskostnader. Den store variasjonen gjer at det er vanskeleg å trekkje generelle konklusjonar om lønsemda for lokalradiobransjen.




## Lokalfjernsyn

Nøkkeltal i årsmeldingane frå fjernsynsselskapa med konsesjon til allment bakkesendt lokalfjernsyn viser at bransjen samla sett har gått med underskot også i 2002.

To stasjonar har ikkje levert årsmelding. Den eine er Metropol, som hadde konsesjon i Oslo, men som gjekk konkurs i 2002. Vest-Telemark LokalTV har lagt ned si verksemd.

Når vi held tala frå Oslo-stasjonen utanom, har den samla omsetninga falle frå 188 millionar kroner i 2001 til 182 millionar kroner i 2002, det vil seie om lag tre prosent. I same perioden er kostnadene reduserte frå 202 millionar kroner til 200 millionar kroner, det vil seie omlag en prosent. Dette gav eit samla driftsunderskot på 18 millionar kroner mot eit underskot på 14 millionar kroner i 2001.

Inntektene og kostnadene fordelte seg slik i 2002:



## TILSYN MED REGELVERKET OM REKLAME OG SPONSING

Statens medieforvaltning er tilsynsorgan for reklame- og sponsereglane i kringkastingslova og kringkastingsforskrifta. Andre statlege organ handhevar somme av reglane. Det gjeld Forbrukarombodet med omsyn til reglane som gjeld reklame retta mot barn, og elles respektive tilsynsorgan ved brot på reklameforbodet for tobakk, legemiddel med meir.

Reklamereglane set mellom anna krav til kva program som kan avbrytast med reklame, mengd reklame, forbod mot skjult reklame og salsfremjande produktomtale med meir. Sponsorreglane set forbod mot å sponse visse programtypar, forbod mot å omtale produkta frå sponsorar i program, og dei inneheld reglar for korleis ein skal utforme sponsorplakaten. Ein kan sanksjonere brot på reglane med åtvaringar eller gebyr.

### Riksfjernsyn

Det er gjennomført fleire kontrollar av fjernsynssendingane frå NRK, TV 2 og TVNorge etter tips, eige initiativ eller klager. Ved sju tilfelle er det konkludert med brot på sponsorreglane. Brota har vore slik at dei ikkje har ført til meir enn åtvaringar eller oppmodingar om å følgje regelverket. Julekalenderserien «Jul på månetoppen» i NRK vart vurdert i høve til produktomtaleforbodet. Serien var ikkje i strid med regelverket. Statens medieforvaltning har likevel teke opp ei sak om produkteksponering knytt til introduksjonen av serien i barne-tv. Denne vurderinga blir avslutta i 2003.

### Riksradio

Statens medieforvaltning har ikkje identifisert tilfelle av brot på reklame- og sponseglane som det har vore grunn til å følgje opp, i riksradio i 2002. Eit mogleg brot på forbodet mot salsfremjande produktomtale vart teke opp og påtalt, men saka vart omgjord etter at kringkastaren klaga.

### Lokalfjernsyn

Det vart gjennomført sju kontrollar av lokalfjernsyn både etter tips frå publikum og ut frå systematisk tilsyn. Det er avdekt omfattande brot på sponsereglane. Det er fastsett gebyr i fire saker, og to saker blir avslutta i 2003. I ei sak vart det gjeve gebyr for brot på helgedagsregelen.

### Lokalradio

Statens medieforvaltning har etter tips teke opp ei sak der det er gjeve gebyr for brot på helgedagsregelen om reklameforbod.

## TILSYN MED INNHOLD

### Vern av mindreårige

Etter kringkastingslova er det forbode å kringkaste innhald som kan vere alvorleg til skade for den fysiske, psykiske eller moralske utviklinga til mindreårige. Statens medieforvaltning har også tilsyn med at det såkalla «vasskiljeprinsippet» blir følgt, det vil seie at program som kan vere til skade for den fysiske, psykiske og moralske utviklinga til mindreårige, ikkje må sendast før klokka 21.00. Reglane er nye (tok til å gjelde ved forskrift 1. oktober 2001).

Reglane er implementerte i samsvar med artikkel 22 i EUs fjernsynsdirektiv, som også gjeld for EØS-området. Sjølv om reglane er felles for europeiske land, er det mellom anna moralnormene i kvart land som blir lagde til grunn for praktiseringa. I 2002 behandla ikkje Statens medieforvaltning saker knytte til at nasjonale kringkastarar hadde brote det alvorlegaste påbodet.

Statens medieforvaltning behandla to saker om «vasskiljeprinsippet» i 2002. Den eine saka gjaldt ei klage frå organisasjonen BarneVakten på TVNorge-serien «Big Brother». Statens medieforvaltning fann at TVNorge ikkje hadde brote reglane i forskrifta. BarneVakten har klaga avgjerda inn for Kultur- og kyrkjedepartementet. Den andre saka gjaldt reprisesending av ein amerikansk spenningsserie på TV 2 tidleg laurdag ettermiddag. Denne saka vart løyst ved eit oppklarande møte mellom Statens medieforvaltning og kringkastaren om korleis ein skal forstå regelverket.

### Vidareformidling av ulovleg innhald i kabel

Etter lov om kringkasting § 4–5 kan Statens medieforvaltning forby vidaresending i norske kabelnett av fjernsynsprogram som sender pornografi eller vald i strid med norsk lov. Statens filmtilsyn skal uttale seg om slike vurderingar.

Statens medieforvaltning behandla i 2002 saker mot to kabelselskap (Telenor Avidi og UPC) om ulovleg pornografisk innhald i tre satellittkanalar som blir formidla vidare i digitale kabelnett. Bakgrunnen er at sjåarane kan fjerne «sladden» ved å velje teksting på eit anna nordisk språk. Det er gjeve varsel om forbod, og saka blir sluttbehandla i 2003.

## EUROPEISK PROGRAMMATERIALE

Noreg har i samsvar med det europeiske fjernsynsdirektivet lovfesta krav om at minst halyparten av sendetida i fjernsynsselskapa skal setjast av til europeiske verk. Ein reknar delen ut frå dei sendingane som ikkje inneheld nyhende, sport, underhaldningsprogram med konkurranseprega innslag, reklame eller tekstfjernsyn. Det er også eit krav om at minst ti prosent av sendetida skal setjast av til program som er produserte av uavhengige produksjonsselskap. Reglane er gjevne for å fremje produksjonen av europeiske program. Lokalfjernsyn har unntak frå desse reglane.

Tv-selskapa skal rapportere inn statistikk for europeisk programdel med meir kvart år. Statens medieforvaltning har fått rapportar frå alle dei riksdekkjande tv-selskapa for 2001. TVNorge låg klart under kravet om femti prosent europeisk del, og Statens medieforvaltning har gjeve varsel om sanksjon i form av åtvaring. Saka blir behandla ferdig i 2003. Elles har ikkje Statens medieforvaltning funne brot som gjev grunn til reaksjonar.

For 2002 viser rapporteringa at TVNorge har greidd å betre delen med europeiske verk til 35 prosent, men at dei framleis ligg ein god del under kravet på 50 prosent.

Tala for dei norske fjernsynsselskapa for åra frå 1998 til 2002 er slik (i prosent):

| Kanal   | Europeisk programdel |      |      |      |      | Uavhengige produksjonar |      |      |      |      | Nyare produksjonar * |      |      |      |      |
|---------|----------------------|------|------|------|------|-------------------------|------|------|------|------|----------------------|------|------|------|------|
|         | 1998                 | 1999 | 2000 | 2001 | 2002 | 1998                    | 1999 | 2000 | 2001 | 2002 | 1998                 | 1999 | 2000 | 2001 | 2002 |
| NRK 1   | 80                   | 76   | 85   | 84   | 87   | 11                      | 11   | 12   | 18   | 24   | 81                   | 89   | 90   | 87   | 92   |
| NRK 2   | 69                   | 66   | 62   | 66   | 74   | 8                       | 9    | 16   | 32   | 30   | 46                   | 75   | 85   | 86   | 87   |
| TV2     | 51                   | 55   | 56   | 57   | 57   | 62                      | 19   | 29   | 19   | 21   | 100                  | 96   | 95   | 97   | 95   |
| TVNorge | 13                   | 22   | 20   | 24   | 35   | 13                      | 22   | 20   | 23   | 32   | 59                   | 89   | 100  | 98   | 99   |

\*Nyare produksjonar er uavhengige produksjonar som er laga dei siste fem åra.

## KLAGER PÅ AVGJERDER FRÅ NRK, LISENSAVDELINGA

Etter forskrift om kringkasting § 8-2 er det Statens medieforvaltning som er klageinstans for vedtak gjorde av NRK, Lisensavdelinga i saker om kringkastingsavgift. Vedtaka er endelege. Statens medieforvaltning overtok oppgåva med å behandle klager på kringkastingsavgifta frå Kultur- og kyrkjedepartementet 1. juni 2001.

I 2002 vart det behandla til saman 24 klager knytte til kringkastingsavgifta. Ni saker dreidde seg om frilicens (fritak frå avgifta), og tolv var klager frå lisenshavarar som ikkje fekk inn NRK2. Tre klagesaker var om ymse andre forhold.

## TILSKOTSORDNINGA FOR LOKALKRINGKASTING

Statens medieforvaltning forvaltar tilskotsordninga for lokalkringkasting. Føremålet med ordninga er å stimulere til eit kvalitetsorientert og livskraftig lokalkringkastingsmiljø som når eit stort publikum ved å vere med på å støtte programproduksjon, kompetansehevende tiltak og utviklingsprosjekt. Ordninga er regulert gjennom forskrift for tilskudd til lokalkringkastingsformål, fastsett av Kulturdepartementet 7. september 2001.

På grunnlag av innstilling frå Fagutvalet for tilskot til lokalkringkasting gjer Statens medieforvaltning vedtak om tilskot.

### Søknader

Hovudutlysinga for tilskotsåret 2002 vart gjord hausten 2001. Ein ekstra søknadsomgang avgrensa til kompetansehevende tiltak vart utlyst sommaren 2002.

Det var i alt 167 søkjarar frå radiobransjen og 56 søkjarar frå fjernsynsbransjen (totalt for begge søknadsomgangane). Samla sende søkjarane 337 søknader med ein total søknadssum på 27 087 882 kroner. Av dette gjaldt 239 søknader radio (med total søknadssum 9 719 497 kroner), og 98 søknader gjaldt fjernsyn (med total søknadssum 17 368 385 kroner).

### Tildeling for 2002

Samla tildelingar i 2002 utgjorde 12 915 303 kroner. Av dette var 415 303 kroner midlar overførte frå 2001. 3 400 000 kroner vart, med ein halvpart på kvar, tildelt Norsk Lokalradioforbund og Norsk Forbund for Lokal-tv i driftsstøtte.

Av i alt 337 avgjerder vart det klagt over seks. Fem vart, etter innstilling frå fagutvalet, omgjorde av Statens medieforvaltning. En sak vart send til departementet for endeleg avgjerd.

**Oversikt over tildelingar 2002 (tal i kroner):**

**RADIO**


|                                                    |                  |
|----------------------------------------------------|------------------|
| Programproduksjon                                  | 1 702 566        |
| Kompetansehevande tiltak                           | 1 944 963        |
| Utviklingsprosjekt                                 | 380 440          |
| Driftsstøtte til etniskspråklege minoritetsradioar | 830 450          |
| <b>SUM RADIO</b>                                   | <b>4 858 419</b> |

**FJERNSYN**


|                          |                  |
|--------------------------|------------------|
| Programproduksjon        | 3 426 500        |
| Kompetansehevande tiltak | 425 884          |
| Utviklingsprosjekt       | 804 500          |
| <b>SUM FJERNSYN</b>      | <b>4 656 884</b> |

TILDELT KONSESJONÆRAR LOKALRADIO 2000–2002

|               | 2000      | 2001      | 2002      |
|---------------|-----------|-----------|-----------|
| Etn. språkl.  | 1 028 200 | 921 000   | 830 450   |
| Utviklingspr. | 183 350   | 366 400   | 380 440   |
| Kompetanse    | 1 139 941 | 866 941   | 1 944 963 |
| Programpro.   | 1 769 266 | 1 843 591 | 1 702 566 |



TILDELT KONSESJONÆRAR FJERNSYN 2000–2002



## FAGUTVALSPRISEN

For å stimulere bransjen ekstra til å produsere gode program som når ut til eit stort publikum, er AV-fondsprisen (frå det tidlegare Audiovisuelt produksjonsfond) ført vidare som Fagutvalsprisen. Premien vert gjeven som stipend til eit kompetansehevande tiltak. Fagutvalsprisen for 2001 vart delt ut på årsmøta for bransjane i 2002. Det vart totalt gjeve 40 000 kroner til radio og 45 000 kroner til fjernsyn til fagutvalsprisen 2001. Desse radiostasjonane fekk pris: Nea Radio i Selbu og Kystradioen i Laksevåg. Desse fjernsynsstasjonane fekk pris: TV Innlandet, TV Buskerud og TV Vestfold.

## INTERNASJONALT SAMARBEID

Statens medieforvaltning er medlem av EPRA – European Platform of Regulatory Authorities. Det er ein samarbeidsorganisasjon for europeiske kringkastingsstyresmakter. Dei fleste europeiske landa er medlemmer. Medlemskapen gjev mellom anna tilgang til eit nyttig nettverk for kontakt og informasjonsutveksling. Organisasjonen hadde i 2002 to møte, i Brussel og Ljubljana. Statens medieforvaltning tok del på begge. Hovudtema på møtet i Brussel var DTT og regulering av eigarskap. På møtet i Ljubljana var tema regulering av allmennkringkastinga, mediekonsentrasjon og politisk reklame.

Det blir halde årlege møte mellom kringkastingsstyresmakter i Norden. I 2002 vart møtet halde i Fredrikstad i regi av Statens medieforvaltning. Møtet hadde god deltaking frå alle dei fem nordiske landa. Tema var mellom anna tilsyn med reglane for vern av barn og unge, lokalfjernsyn og støtteordningar på lokalkringkasting.

# presse

Statens medieforvaltning administrerte følgjande tilskotsordningar på presseområdet i 2002:

- produksjonstilskot til dagsaviser
- tilskot til bruksretta medieforskning og etterutdanning
- tilskot til samiske aviser
- tilskot til innvandrapublikasjonar
- tilskot til visse publikasjonar
- tilskot til informasjonsverksemd i politiske parti
- distribusjonstilskot til avisene i Finnmark

## REGELVERKET FOR PRESSESTØTTA

Da statsbudsjettet for 2002 vart behandla, vedtok Stortinget å auke løyvinga for produksjonstilskot til dagsaviser med 54,5 millionar kroner. Føremålet med auken var primært å kompensere for det inntektstapet avisene fekk som følge av at ordninga med statlege stillingsannonser fall bort. I tillegg føresette Stortinget at støtta til dei minste avisene i ordninga skulle aukast noko. Etter at Statens medieforvaltning foreslo å endre regelverket, fastsette Kultur- og kyrkjedepartementet 7. juni endringar i forskrift om produksjonstilskot til dagsaviser.

Endringane førte med seg følgjande for avisene i 2002:

- minstetilskotet til vekeavisene vart auka frå 200 000 kroner til 210 000 kroner
- særtilskotet til aviser med opplag mellom 1000 og 4 000 eksemplar vart sett til 100 000 kroner
- for å kompensere for inntektstapet som følgde endra retningslinjer for statleg annonsering av ledige stillingar, vart det sett av 40 millionar kroner. Aviser i Oslo får støtte etter sats 1 (100 prosent), aviser i Bergen etter sats 2 (20 prosent), avisene i Stavanger og Tromsø etter sats 3 (10 prosent) og dei andre nr. 2-avisene etter sats 4 (5 prosent).
- Minstesummen for kompensasjon for inntektstap av statlege stillingsannonser vart sett til 500 000 kroner for Oslo og Bergen og 200 000 kroner for resten av landet.

Gjeldande forskrift om produksjonstilskot til dagsaviser slår fast at aviser som skal få produksjonstilskot, ikkje kan betale utbytte til dei som eig avisene. Som eit ledd i å følgje opp stortingsbehandlinga av mediemeldinga i 2001, utarbeidde verksemda eit utkast til Kultur- og kyrkjedepartementet om ei dispensasjonsordning for utbytteforbodet i forskrifta. Bakgrunnen for å opne for å kunne gje dispensasjon frå forbodet mot utbytte er at føresegna om utbytteforbod kan verke som eit uheldig hinder for at aviser med økonomiske problem kan få tilgang på risikokapital.

Etter oppdrag frå Kultur- og kyrkjedepartementet byrja Statens medieforvaltning også arbeidet med å greie ut om det er mogleg å utvide tilskotsordninga for innvandrarpublikasjonar, og å regulere tildelinga av tilskot til publikasjonar som får øyremerkte tilskot frå post 76 – visse publikasjonar. Vi reknar med å slutføre dette arbeidet i byrjinga av 2003.

## PRODUKSJONSTILSKOT TIL DAGSAVISER

Produksjonstilskot blir fordelt etter forskrift om produksjonstilskot til dagsaviser. Forskrifta fastset kriterium for å fordele støtte til nr. 2-aviser med opplag under 80 000 eksemplar og nr. 1- og aleineaviser med opplag under 6 000 eksemplar. Riksdekkjande meningsberande aviser som har rett til tilskot, får eit særskilt ekstra tilskot. Tilskotet til nr. 2-aviser blir rekna ut etter opplag multiplisert med talet på utgjevingar i kalenderåret. Det blir betalt ut etter ulike satsar.

Nr. 1- og aleineavisene får eit fast tilskot etter kor mange gonger i veka avisa kjem ut. Nr. 1- og aleineaviser i Nordland, Troms og Finnmark får støtte etter dobbel sats. Aviser med opplag mellom 1 000 og 4 000 kan i tillegg ytast eit ekstra tilskot.

Frå og med tilskotsåret 2002 blir det gjeve kompensasjon for innteksttapet avisene får etter at retningslinjene for statleg annonsering av ledige stillingar vart endra. Kompensasjonen bli rekna ut frå godkjent netto opplag multiplisert med talet på utgjevingar per kalenderår. Kompensasjonen blir gjeven for dei første 8 000 eksemplara av avisopplaget.

### Løyvinga til produksjonstilskotet dei siste fem åra (i millionar kroner):

|  | 1998  | 1999  | 2000  | 2001  | 2002  |
|--|-------|-------|-------|-------|-------|
|  | 188,2 | 159,7 | 164,2 | 180,0 | 234,5 |


I statsbudsjettet for 2003 er ramma for produksjonstilskotet auka til 238,8 millionar kroner.

### Tilskotsfordelinga i 2002

I 2002 fekk 128 aviser 234,3 millionar kroner i produksjonstilskot. Tilskota fordelte seg slik etter avisgrupper:

| Avistype             | Totalt | Nr. 2-aviser | Nr. 1- og aleineaviser | Vekeaviser |
|----------------------|--------|--------------|------------------------|------------|
| Støtte (i millionar) | 234,3  | 192,1        | 24,8                   | 17,4       |
| Tal aviser           | 128    | 23           | 55                     | 50         |

### Prosentvis fordeling:



Vekeavisa Gaula på Melhus i Sør-Trøndelag fekk produksjonstilskot for første gong i 2002. Tre aviser gjekk ut av tilskotsordninga i 2002. Nordlandsposten og Årdal og Lærdal Avis vart lagde ned, mens Sandnesposten vart gratisavis.


Oversikt som viser tilskotet i 2002 til kvar avis, følgjer som vedlegg til årsmeldinga.

## ØKONOMIEN I DAGSPRESSA

Statens medieforvaltning undersøker kvart år den økonomiske situasjonen for dagspressa. Undersøkinga for 2002 omfattar i overkant av 90 prosent av avisene i landet. Dei avisene som ikkje er med i undersøkinga i år, er hovudsakleg mindre lokalaviser.

### Samla dagspresse

Rekneskapstala viser at dei samla inntektene i bransjen utgjorde 12,1 milliardar kroner i 2002, ein nedgang samanlikna med året før. Den viktigaste årsaka til nedgangen var lågare annonseinntekter. Dei samla inntektene fordelte seg slik:



Kostnadene for dagspressa seidd under eitt kom på 11,2 milliardar kroner, mot 11,6 milliardar i 2001. Bransjen gjekk etter dette med eit samla overskot på nærare 900 millionar kroner i 2002. Den samla eigenkapitaldelen i dagspressa auka frå 48 prosent i 2001 til 50 prosent i 2002.

### Aviser som får produksjonstilskot

Underskotet før støtte for aviser som får produksjonstilskot, auka frå 158 millionar kroner i 2001 til 179 millionar kroner i 2002. Etter støtte kom overskotet på 54 millionar kroner, mot eit overskot på 17 millionar kroner 2001. Aviser med krav på støtte hadde ein eigenkapitaldel på 42 prosent i 2002, ein auke på eitt prosentpoeng frå 2001.

### Nøkkeltal for aviser som får produksjonstilskot

| Avistype                | Totalt      | Riksspreidde             | Andre      | Nr.1 - og    |
|-------------------------|-------------|--------------------------|------------|--------------|
|                         |             | meningsberande<br>aviser |            | aleineaviser |
| Tal på aviser           | 128         | 5                        | 18         | 105          |
| Resultat før støtte     | - 177 mill. | - 101 mill.              | - 57 mill. | - 19 mill.   |
| Støtte                  | 234 mill.   | 118 mill.                | 74 mill.   | 42 mill.     |
| Resultat etter støtte   | 57 mill.    | 17 mill.                 | 17 mill.   | 23 mill.     |
| Driftsmargin før støtte | -15,4 pst.  | - 43,2 pst.              | -13,9 pst. | - 4,6 pst.   |
| Eigenkapitaldel         | 50          | 34 pst.                  | 37 pst.    | 48 pst.      |

Aviser med krav på støtte betra resultatet etter støtte med 40 millionar kroner frå 2001 til 2002. Det er særleg nr. 2-avisene som kan vise til monaleg betring av resultat etter støtte i 2002.

Ramma for produksjonstilskotet auka med 54,5 millionar kroner i 2002. Auken skulle hovudsakleg kompensere for inntektstapet som avisene fekk på grunn av endra retningslinjer for statleg annonsering av ledige stillingar. I tillegg skulle ein del av auken styrkje dei minste avisene i ordninga. Riksspreidde meningsberande aviser og andre nr. 2-aviser fekk derfor om lag 40 millionar kroner i kompensasjon for bortfallet av statlege stillingsannonser, medan tilskotet for aviser med opplag på mellom 1 000 og 4 000 eksemplar auka monaleg. Dette gjorde at gruppa av nr. 2-aviser for første gong på lenge kan vise til eit positivt resultat etter støtte, og at dei minste avisene i ordninga vart styrkte økonomisk i 2002.

Avisgruppa riksspreidde meningsberande aviser betra resultatet etter støtte med 19 millionar kroner frå 2001 til 2002, medan resten av nr. 2-avisene oppnådde ei betring av resultatet etter støtte på 29 millionar kroner frå 2001 til 2002.

Overskotet etter støtte for nr. 1-aviser og aleineaviser med krav på støtte, gjekk ned frå 31 millionar kroner i 2001 til 23 millionar kroner i 2002. Resultatnedgangen kom av svakare resultat for somme nr. 1-aviser og aleineaviser med opplag på mellom 4 000 og 6 000 eksemplar, medan resten av nr. 1- og aleineavisene, som hovudsakleg er vekeaviser, betra resultatet etter støtte i 2002.

Nr. 1- og aleineaviser med opplag på mellom 4 000 og 6 000 eksemplar kan vise til ein eigenkapitaldel på 53 prosent i 2002. Tilsvarende tal for aviser med opplag på mellom 1 000 og 4 000 eksemplar er 39 prosent.

### **Midlar til etterutdanningsverksemd**

Løyvinga omfattar etterutdanningsverksemda i namngjevne institusjonar. I 2002 vart 458 000 kroner løyvde til Landslaget for lokalaviser og prosjektet «Kvinner i ledelse» i regi av Mediebedriftenes Landsforening.

Kunnskapsbasen Medienorge i Bergen fekk 1 072 000 kroner. Kunnskapsbasen registrerer data som gjer det mogleg å samanlikne dei ulike media med omsyn til organisasjon, struktur, økonomi, innhald og konsum.

Mediebarometeret, ei mediebruksundersøking utført av Statistisk sentralbyrå, fekk 631 000 kroner.

Institutt for Journalistikk fekk 8 982 000 kroner. I tillegg vart det løyvd 2,9 millionar kroner til forskingsprosjekt knytte til presse, film og kringkasting.

Statens medieforvaltning fekk i 2002 ansvaret for å tildele midlar til ulike medietiltak. I samband med dette fekk Den Norske Mediefestivalen 400 000 kroner i driftsstøtte for 2002.

### **Samiske aviser**

Støtta er sett saman av eit grunntilskot og eit driftstilskot til samiskspråklege aviser. Avisene Sárgat, Min Árgi og Saami Aviisa Ássu fekk eit grunntilskot på til saman 7,33 millionar kroner. Dei tre avisene fekk eit driftstilskot på til saman 3,42 millionar kroner. Nourttanaste fekk eit øymerkt tilskot på 250 000 kroner.

Støtta til dei samiske avisene i 2002 vart auka med ein million kroner i høve til 2001.

### **Visse publikasjonar**

Til saman 33,25 millionar kroner vart løyvde til visse publikasjonar i 2002. Dei politiske partia fekk 11,8 millionar kroner til informasjonsverksemd. Tilskotet vart rekna ut frå røystetala ved siste stortingsval.

Dei politiske spesialpublikasjonane fekk 2,9 millionar kroner i distribusjonsstøtte. Tilskotet vart betalt ut med ein fast sats per abonnementsseksemplar for distribusjon gjennom Posten.

Over post 76 vart det også fordelt midlar til innvandrapublikasjonar. Tilskotet skal hjelpe innvandrarakar til å skaffe seg informasjon og kunnskap om norske samfunnsforhold og om eigen situasjon. Tilskotet blir rekna ut frå talet på abonnentar og talet på utgjevingar.

Sju innvandrapublikasjonar fekk til saman 1,6 millionar kroner i tilskot for 2002. Støtta gjekk til dei same publikasjonane som i 2001. Bosnisk, urdu, hindi, polsk og kinesisk språk er representerte.

Ordninga omfattar også tilskot til ymse einskildpublikasjonar etter særskild omtale i budsjettproposisjonen.

|              |                  |
|--------------|------------------|
| Klar Tale    | 5 550 000 kroner |
| Blikk        | 1 100 000 kroner |
| Samora       | 500 000 kroner   |
| Friheten     | 600 000 kroner   |
| Ruijan Kaiku | 350 000 kroner   |
| Dag og Tid   | 2 500 000 kroner |
| Folket       | 1 700 000 kroner |
| Morgenbladet | 2 100 000 kroner |
| Ny Tid       | 1 800 000 kroner |

Publikasjonane Magazinet og Norge IDAG vart tekne inn i ordninga og fekk 500 000 kroner kvar. Tilskotet til Nytt fra Norge vart stroke fordi publikasjonen i 2000 hadde eit monaleg overskot og fordi nytta av publikasjonen er noko usikker, mellom anna i lys av korleis nyhendeformidling via Internett har utvikla seg.

#### **Distribusjonstilskot til avisene i Finnmark**

Ni aviser i Finnmark fekk i 2002 eit særskilt distribusjonstilskot. Tilskotet blir rekna ut frå ein dokumentert distribusjon gjennom Posten. Til saman vart 1,53 millionar kroner fordelte over post 77 i 2002.

## **NORSK OPPLAGSKONTROLL AS**

Norsk opplagskontroll er eigd likt av Statens medieforvaltning, Mediebedriftenes Landsforening og Landslaget for Lokalaviser. Selskapet har som hovudføremål å drive opplagskontroll overfor avisene i landet. Norsk Opplagskontroll sysselset ein dagleg leiar, og 2002 var det første driftsåret for selskapet. I tillegg til å kontrollere opplaget til avisene la selskapet i 2002 vekt på opplæring i regelverket for opplagsberekning. I samband med dette heldt selskapet kurs i Bergen, Trondheim og Oslo med til saman 70 deltakarar frå ulike aviser. I tillegg heldt dagleg leiar eit særskilt kurs for innvandrapublikasjonar som søker om pressestøtte. Kurset tok i hovudsak opp krav til rekneskapsførsel og dokumentasjon for å berekne opplaget til publikasjonen.

Styret i selskapet har to representantar frå kvar av eigarane. I 2002 vart det halde fire styremøte i selskapet.


# råd og utval

## **Rådet for bruksretta medieforskning (RAM, jamfør Rådet for anvendt medieforskning)**

RAM gjev råd til Statens medieforvaltning om korleis midlar til bruksretta medieforskning skal fordelast. RAM fekk 85 søknader om støtte i 2002, ein auke på 29 søknader i høve til 2001. Det vart søkt om cirka 12,6 millionar kroner, og Statens medieforvaltning fordelte 2,9 millionar kroner.

Rådet foreslår overfor Statens medieforvaltning korleis midlar til forskingsprosjekt knytte til presse, film og kringkasting skal fordelast. Prosjekt innanfor medieetikk og journalistikk i etermedia vart prioriterte da midlane skulle fordelast.

Fordelinga av midlar i 1997–2002 på dei ulike områda:



Området «andre» gjeld prosjekt der fleire medium er representerte.

Rådet har oppretta ei internettside i samarbeid med Nordicom i Bergen. Adressa er [www.ram.no](http://www.ram.no). Basen inneheld mellom anna samandrag av forskingsprosjekt som har fått støtte, og generell informasjon om søknadsbehandlinga. Rådet gjennomførte tre ordinære møte i 2002.

### **Støtteutvalet for dagsaviser**

Støtteutvalet gjev råd om korleis Statens medieforvaltning skal behandle nye søknader om produksjonstilskot og andre saker som høyrer inn under forskrift om produksjonstilskot. Utvalet heldt i 2002 eitt møte.

### **Støtteutvalet for innvandrapublikasjonar**

Støtteutvalet gjev råd om korleis Statens medieforvaltning skal fordele midlar til innvandrapublikasjonar. Utvalet er sett saman av to representantar foreslått av Minoritetsavisenes Forbund og tre foreslått av Norsk Presseforbund, Utlendingsdirektoratet og Kommunal- og regionaldepartementet. Utvalet gjennomførte eitt møte i 2002. Ni søkte om støtte i 2002, to søknader vart avslått, mellom anna fordi publikasjonane ikkje kunne leggje fram godkjende rekneskapar.

### **Fagutvalet for tilskot til lokalkringkasting**

Fagutvalet for tilskot til lokalkringkasting er eit rådgjevande organ som innstiller til Statens medieforvaltning. På grunnlag av innstillingane frå fagutvalet gjer Statens medieforvaltning vedtak om tilskot. I 2002 hadde fagutvalet fem møte.

### **Allmennkringkastingsrådet**

